



Møre og Romsdal
fylkeskommune

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Dykkar ref:	Dykkar dato:	Vår ref:	Vår saksbehandlar:	Vår dato:
21/611 - 21 / ARIRIN	27.01.2023	10741/2023/REGULERINGSPLAN/1528	Ingeborg Forseth, 71 28 01 55	09.03.2023

Sykkylven kommune - detaljregulering - reguleringsplan for fortau på Blindheim - Tynes - fråsegn til offentleg høyring

Fylkeskommunen utgjer det regionalpolitiske nivået i det norske styringssystemet. Fylkestinget er øvste mynde.

Fylkeskommunen er på vegner av staten delegert forvaltingsmynde mellom anna innan samferdsel, kulturminnevern, vassressursforvaltning, naturressursforvaltning og friluftsliv, men har også viktige roller som pådrivar for regional utvikling og som tenesteleverandør innan kultur, utdanning, tannhelse og samferdsel.

[Fylkeskommunens planverk](#) er, saman med lover, forskrifter og retningslinjer styrande for korleis dei ulike rollene og oppgåvene blir samordna og løyste, også når vi er høyringspart i ulike saker.

Fylkeskommunen har ansvar for drift og gjennomføring av [regionalt planforum](#). Vi rår til at alle kommuneplanar blir lagt fram og drøfta der, før vedtak om offentleg ettersyn.

Detaljregulering for fortau Blindheim-Tynes er sendt på høyring og offentleg ettersyn.
Møre og Romsdal fylkeskommune

Kulturminne frå nyare tid

Viser til vår uttale 01.03.22 om eldre kalkomn. Kalkomnen og Schmidthuset er regionale verneverdige kulturminne som er i nærleiken av planområdet. Tiltaket må difor ikkje kome i konflikt med kulturminna og tiltakshavar pliktar å varsle fylkeskommunen om kulturminnet blir råka.

KONKLUSJON

Ber om at merknad ovanfor blir tatt omsyn til.

Med helsing

Johnny Loen
plansamordnar

Ingeborg Forseth
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent og krev derfor ikkje signatur

Fagsaksbehandlar

Kulturminne frå nyare tid: rådgivar Anna Eline Eneberg, tlf. 71 28 02 94

Kopi:

Statsforvaltaren i Møre og Romsdal

Statens vegvesen

NVE



SYKKYLVEN KOMMUNE
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Saksbehandlar, innvalstelefon

Jorunn Mittet Eriksen, 71 25 84 10

Sykkylven kommune

Detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes

Fråsegn til høyring og offentleg ettersyn

Statsforvaltaren er statens representant i fylket og har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova. Ei viktig oppgåve for Statsforvaltaren i kommunale planprosessar er å sjå til at nasjonale og viktige regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet. Fagområde som miljøvern, landbruk, helse, oppvekst og samfunnstryggleik står sentralt. I tillegg skal Statsforvaltaren sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk.

Detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes er sendt på høyring og offentleg ettersyn.

Føremålet med planarbeidet er så legge til rette for ei mindre arealkrevjande fortausløyising frå krysset ved Tynesvegen til krysset ved Blindheimsvegen.

Statsforvaltaren har ut frå sine ansvarsområde ingen vesentlege merknader.

Med helsing

Frida Farstad Brevik (e.f.)
plansamordnar

Jorunn Mittet Eriksen
rådgivar

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT (NVE)
REGION VEST
MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE

Naustdalsvegen 6800 FØRDE
1B
Postboks 2500 6404 MOLDE



Statens vegvesen

SYKKYLVEN KOMMUNE

Kyrkjevegen 62

6230 SYKKYLVEN

Behandlande eining:
Transport og samfunn

Sakshandsamar/telefon:
Vidar Neraas / 71274773

Vår referanse:
22/14178-6

Dykkar referanse:
21/611-21/ARIRIN

Vår dato:
14.03.2023

Uttale til detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes – Sykkylven kommune

Vi viser til brev datert 27.01.2023.

Saka gjeld

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for fortau langs Kyrkjevegen, frå krysset med Tynesvegen til krysset med Blindheimsvegen.

Statens vegvesen si rolle i planlegginga

Statens vegvesen har ansvar for at føringar i *Nasjonal transportplan* (NTP), *statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging*, vegnormalane og andre nasjonale og regionale arealpolitiske føringar blir ivaretekne i planlegginga. Statens vegvesen sitt samfunnsoppdrag er «å utvikle og leggje til rette for eit effektivt, tilgjengeleg, sikkert, og miljøvennleg transportsystem».

Vi uttalar oss på vegne av staten som forvaltar av riksveg og etaten sine eigne kulturminne, og som statleg fagmyndigheit med sektoransvar innanfor vegtransport. Statens vegvesen sitt sektoransvar for vegnettet inneber eit overordna ansvar for at trafikksikkerheit, klima- og miljøomsyn, og heilskapleg bypolitikk blir ivareteke i alle planforslag som vedkjem samferdsel. Dette gir oss rett til å stille krav til både statlege, fylkeskommunale og kommunale vegar, gater og løysingar for gåande og syklende.

Vår vurdering

I vår uttale til varsel om oppstart framheva vi at eit fortau er ei løysing som i hovudsak er tiltenkt gåande, medan syklende er å sjå på som køyrande og må ferdast i køyrevegen saman med bilistar. Syklistar kan likevel ferdast på fortau, men da på gåande sine premisser. Da det i dette tilfellet er etablert gang- og sykkelveg sør for Tynesvegen og nord for

Postadresse
Statens vegvesen
Transport og samfunn
Postboks 1010 Nordre Ål
2605 LILLEHAMMER

Telefon: 22 07 30 00
firmapost@vegvesen.no
Org.nr: 971032081

Kontoradresse
Fylkeshuset. Julsundvegen 9, 3. etg.
6412 MOLDE

Fakturaadresse
Statens vegvesen
Fakturamottak DFØ
Postboks 4710 Torgarden
7468 Trondheim

Blindheimsvegen, er det ikkje ei god løysing å legge inn eit slikt systemskifte over ei kortare strekning. Her er også ei strekning (o_F03) regulert smalare enn resten.

Vi er klar over at eit fortau fører til mindre inngrep i tilgrensande eigedomar, men da målsettinga, som er gitt i planomtalens kapittel 6, er å «*Skape eit heilskapleg tilbod for gåande og syklende langs Kyrkjevegen på Blindheim – Tynes.*», oppnår ein ikkje dette med ulike system. Vi rår kommunen til å vurdere ei løysing slik at ein kan skilte heile strekninga som gang- og sykkelveg.

Planteknisk vil vi påpeike at formålet fortau må ligge over dei private avkøyrslene dersom ein skal ha heimel til å erverve grunnen til formålet.

Konklusjon

Vi viser til merknadane over og ber om at dette blir vurdert nærare i den vidare behandlinga av reguleringsplanen.

Transportforvaltning midt
Med helsing

Linda Heimen
seksjonssjef

Vidar Neraas
senioringeniør

Dokumentet er godkjent elektronisk og har difor ingen handskrivne signaturar.

Kopi

MØRE OG ROMSDAL FYLKESKOMMUNE, Postboks 2500, 6404 MOLDE
STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL, Postboks 2520, 6404 MOLDE

Sykkylven kommune
Kyrkjevegen 62
6230 SYKKYLVEN

Vår dato: 27.02.2023
Vår ref.: 202201828-6 Oppgi ved kontakt
Dykkar ref.: 21/611-21 / ARIRIN

Sakshandsamar: Ole-Jakob Sande,
22959545, ojs@nve.no

NVE si generelle tilbakemelding til offentlig ettersyn av detaljregulering for fortau Blindheim-Tynes i Sykkylven kommune

Vi viser til oversending av høyringsdokument datert 27.01.2023.

Om NVE

Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) er nasjonalt sektormyndede med motsegnkompetanse innanfor saksområda flaum-, erosjons- og skredfare, allmenne interesser i vassdrag og grunnvatn, og anlegg for energiproduksjon og framføring av elektrisk kraft. NVE har også ansvar for å hjelpe kommunane med å forebygge skader frå overvatn gjennom kunnskap om avrenning i tettbygde strøk (urbanhydrologi). NVE gir råd og rettleiing om korleis nasjonale og vesentlege regionale interesser innanfor desse saksområda skal takast omsyn til ved utarbeiding av arealplanar etter plan- og bygningslova (pbl.).

På grunn av stor saksmengd i høve til tilgjengelege ressursar har ikkje NVE kapasitet til å gå konkret inn i alle reguleringsplanar som kjem på høyring. NVE vil prioritere å gi konkrete innspel og uttalar til reguleringsplanar der det vert bede om fagleg hjelp til konkrete problemstillingar. Etter ei fagleg prioritering gir vi hjelp til dei kommunane som har størst behov.

NVE si generelle tilbakemelding

Som planmynde har de ansvar for å sjå til at NVE sine saksområde blir vurdert og ivaretatt i planframlegget. Vi har laga ein [Kartbasert rettleiar for reguleringsplan](#) som leier dykk gjennom alle våre fagområde, og gir dykk verktøy og innspel til korleis våre tema skal takast omsyn til i reguleringsplanen. Dersom de ikkje alt har gått gjennom rettleiaren rår vi dykk til å gjere det, og vurdere om våre saksområde er teke omsyn til i planen. De må vurdere om planen tek omsyn til nasjonale og vesentlege regionale interesser, jf. NVE rettleiar [2/2017 Nasjonale og vesentlege regionale interesser innen NVEs saksområder i arealplanlegging](#).

De kan også bruke våre nettsider for arealplanlegging. Her er informasjonen og rettleiinga lagt opp etter plannivå, <https://www.nve.no/arealplanlegging/>. På NVE sine nettsider finn



de koplingar til rettleiarar og verktøy. Det ligg også mykje arealinformasjon på NVE sine kartløyningar.

Kommunen sitt ansvar

NVE minner om at det er kommunen som har ansvaret for at det blir tatt naudsynt omsyn til flaum- og skredfare, overvatn, vassdrag og energianlegg i arealplanar, byggeløyve og dispensasjonar. Dette gjeld uavhengig av om NVE har gitt råd eller uttale til saka.

De kan ta kontakt med NVE dersom det er behov for konkret hjelp i saka.

Med helsing

Øyvind Leirset
Seksjonssjef

Ole-Jakob Sande
Senioringeniør

Dokumentet blir sendt utan underskrift. Det er godkjend etter interne rutinar.

Mottakarar:

Sykkylven kommune

Kopimottakarar:

STATSFORVALTAREN I MØRE OG ROMSDAL
Møre og Romsdal fylkeskommune

Frå: Kristen Blindheim <storsteinplassen@gmail.com>
Send: 1. mars 2023 15:19
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Detaljregulering for fortau Blindheim-Tynes

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsender eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Tidligere er der regulert til byggefelt på sør-øst ved vegen å da må et fortau og ligge der! Merket med saksnummer2021/611

Sykkylven kommune

Kyrkjevegen 62

6230 Sykkylven

Mine merknader til:

Sak 2021/611, som gjeld : Planforslaget til Detaljregulering for fortau Blindheim – Tynes - 1.gongs høyring.

1. Tilknytting for straum, nett og vatn. Sikre gode avløp for kloakk, overflatevatn og grunnvatn.

Mitt areal som grensar til veg og nytt fortau, er som denne reguleringsplanen også viser, tiltenkt bustadformål. Så det vil sjølvsagt ha mykje å seie for meg at det vert lagt godt tilrette for framtidig tilknytting av desse kommunale tenestene, utan å måtte grave i nybygt fortau og etablert bilveg.

Ser at oppgradering av kloakksystemet er nemnt i innspel frå andre og overflatevatn er også interessant å få vurdert. På min eigedom går det t.d. ei opa grøft med vatn frå eit større avrenningsområde i aust. Stikkveita under Kyrkjevegen er noko grunn. Eit godt og sikkert inntak til denne er svært viktig.

J.F. merknad frå Sykkylven energi knytt til dei to punkta ovanfor.

Det er også viktig for meg med at grunnvatnet ikkje vert for høgt i området. Kanskje er grunnmassane rimeleg opne her, men meiner at eg dei seinare åra har observert oppdemming av vatn nær foten av skråningane i nedbørsrike periodar. Det hadde vore gjevt å få påvist eit eventuelt avløp under vegsystemet som er lågare enn den omtalte stikkveita. Eller om det kunne etablerast eit nytt dreneringspunkt i samband med bygginga av fortauet.

Viser til NVE sitt innspel med opplysning om deira ansvarsområd og

tilbod om hjelp og rettleiing til kommune for å forebygge skade av overvatn o.a. Har merka meg at t.d den nemnde stikkveita ikkje er vist på plankartet. Litt underleg med omsyn til dei omfattande tiltak som vart sett i verk for å føre dette og anna vatn frå dette området trygt under ny FV 60 og vidare til sjøs.

2. Avkøyrslar.

Ynskjer å behalde eksisterande avkøyrslar rett nord for Andreas Isaksen sin eigedom. Denne ser ut til å vere fjerna/flytta mot sør. Ber også om å få behalde eksisterande avkøyrslar nord for ovannemnde stikkveite.

Ser at planen tek sikte på å sanere desse avkøyrslene. Kan absolutt ikkje godta dette, og reknar med at det må vere råd å finne ei god løysing på dette.

3. Samanknyting med det nye fortauet til fortauet langs Tynesvegen.

Hadde her eit innspel ved oppstart av planprosessen om å samordne nedste delen av Ulvsbakken med fortauet. Om ein tillet ein liten "hump" på fortauet, kan ein unngå at fortauet svingar ut i den tidlegare vegbanen til Kyrkjevegen, slik den no gjer og som det vert lagt opp til vidare.

Den korte felles biten av fortauet og Ulvsbakken kan godt flatast ut mot nord og ende der eg ynskjer ei av mine avkøyrslar, jf pkt. 2.

Generelle fordelar av ovannemnde endring kan vere:

Ein unngår den kunstige innsnevringa av Kyrkjevegen som noverande fortau skaper og nedste delen av Ulvsbakken kan verte lite grann slakkare. Fortauet må gjerne sikrast mot skrånig/mur der det vert løfta(slik det er gjort ved passering av Sjurshammaren på Vik), eg vil tru at dei mjuke trafikantane alt i alt vert tryggare enn om dei skal svinge ut mot bilvegen som planframlegget viser.

*

Kanskje nokre av merknadane mine høyrer heime seinare i

prosessen, men godt kva som er gjort og avklart, tenkjer eg.

Med ynskje om vidare dialog,


helsing

Henrik Schmidt





205
M



Fra: Agnieszka Gluszek <agnieszkagluszek9@gmail.com>
Sendt: 3. februar 2023 18:51
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Høyringsmelding - Detaljregulering for fortau Blindheim-Tynes

[ADVARSEL] Avsender på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsender eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Hei,

Vi har akkurat kjøpt eiendom på denne strekning.

Vi er ikke glad for dette men aksepterer at kommunen trenger gangveg.

Vi betalte 650kr pr kvadratmeter for 1år siden og regner med at denne sum blir gjeldende nr kommunen tar vår eiendom.

Vi la også asfalt ut til veg når vi bygde her, så vi burde få mer enn kvadratmeter pris vi betalte, men vi aksepterer 650kr pr kvadratmeter som vi gav for tomt når vi kjøpte ifjor .

Agnieszka Sylwia Sørgård

Fra: Heidi Solberg <hani-sol@online.no>
Sendt: 14. mars 2023 23:19
Til: Postmottak Sykkylven Kommune
Emne: Saksnummer 2021/611

[ADVARSEL] Avsendar på denne eposten er utanfor Sykkylven kommune. Ikkje klikk på lenke eller opne vedlegg om du ikkje kjenner avsendar eller er trygg på at innhaldet er sikkert..

Anngående fortau 3 meter fra vei og inn i hagen til Kyrkjevegen 204.

Eg har kun merknader ang praktiske detaljer som behov for:

- * ny støttemur pga høyereliggende vei/fortau, støttemur som er 40-50 cm høyere enn fortau med stolpe sko i så en får ein fin avslutning med liggende smalt treverk over muren, og veldig god avstand mellom treverket, dvs godt utsyn, ein avslutning som held dyr inne i eller ute fra hagen.
- * flytting av noværende hekk mot vei til bakhagen, da hekken kjem i konflikt med plomme tre dersom den flyttes innover i hagen.
- * flytting av ett plomme tre som kjem i konflikt med fortauet til bakhagen.
- * beskyttelse av vann og kloakk rør, rør i rør system under fortau.

Med vennlig helsing
Heidi Solberg